

Myking og Hundvingrend Grunneigarlag

Bruvoll, 15.04.19

v/ Atle Bruvoll Andersen

Trælandsvegen 24

5956 Hundvin

LINDÅS KOMMUNE

Landbruksavd. v/ Nils Kaalaas

SAK: SØKNAD OM FULLMAKT FOR SKADEDYR

Viser til møte 08.04.19 der dette emnet vart diskutert.

Med bakgrunn i dette møtet, søker Myking og Hundvingrend Grunneigarlag (MHG) om å få fullmakt til å kunna innvilga tildeling av skadedyr av hjort etter søknad frå grunneigar i laget.

Som kjent er hjortetrykket stort i enkelte områder i MHG, noko som gjer at det går ut over avlinga til bonden. I tillegg til mengde dyr vil det sjølvstakt vera andre parametrar som har innverknad på avlinga. Desse vil MHG ta omsyn til i sine vurderingar dersom søknadar skal avgjerast.

Laget ser det som viktig at skadedyr vert tekne ut i den perioden dei påverkar avlinga negativt.

Dersom laget får innvilga denne fullmakta, ser me for oss å arbeida etter desse retninglinjene:

1. Grunneigar søker til MHG om å få ta ut skadedyr. Søknaden skal vera grunngeven.
2. Styret vurderer søknaden og gjev føringar for ev. uttak. Det gjeld talet på dyr, tidsrom og evt. andre forhold.
3. Uttak av skadedyr skal normalt vera slutt innan 20. august.
4. Hjort som vert skotne som skadedyr tilfjell jaktfeltet grunneigaren tilhøyrer.
5. Skadedyr vil inngå i den kvoten MHG får tildelt frå kommunen.
6. MHG lagar ein kort rapport til kommunen innan 15.september.

Med bakgrunn i at hjorteforvaltninga primært skal vera styrt av grunneigarane, vonar me at søknaden vert innvilga.

Dersom det er noko som er uklart eller treng presisering, håpar me på ei snarleg tilbakemelding.

Med venleg helsing

Atle Bruvoll Andersen

Leiar MHG

